

Nynorsk frå skulestart får 15000

17.06.2011



Rektor Marie Elisabeth Kaldestad - glad for ny tildeling av midlar til eit prosjekt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Skulen i Uskedalen har igjen fått ein ekstraordinær
tildeling av midlar, no 15 000 kroner.
Nok ein gong har Nasjonalt senter for
nynorsk i opplæringa, det såkalla nynorsksenteret, tilgodesett
skulen her i bygda.
Pengane skal nyttast til innkjøp av litteratur til bruk i dei
yngste klassane.**

Skulen søkte for ei tid sidan å få delta i eit prosjekt som heter 'Nynorsk frå skulestart'. Det handlar om å leggja vekt på bruken av nynorsk litteratur for dei yngste elevane.

- Målet er at vi gjennom arbeidet med nynorsk litteratur skal utvikla gode lese- og skriveprosjekt, opplyser rektor Marie Elisabeth Kalestad.

Høgskulen i Volda står bak prosjektet og det er dit skulen i Uskedalen skal rapportera etter kvart som arbeidet skrid fram.

- Det er gledeleg at institusjonar rundt oss legg merke til oss og at dei er villige til å investera pengar i skulen vår, seier Kaldestad.

Av Ola Matti Mathisen